



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2015	Levekårsutvalet	PS	18.05.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA - A00	15/349

SKULESTRUKTUR - FRAMLEGG TIL PROSESS

Vedlegg:

Kunnskapsgrunnlag skulestruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til prosess for drøfting av skulestruktur vert lagt til grunn i Økonomiplan 2016 - 2019

Levekårsutvalet - Sak 13/2015

LEV - Behandling:

Kommunalsjef oppvekst orienterte.

Ho orienterte og om tilstandsrapport for skule- og barnehagebygg i kommunen utarbeidd av Norconsult. Denne kjem opp som sak i formannskapet.

Utvalet delte seg i 2 grupper og drøfta følgjande spørsmål som grunnlag for skulestruktur-prosessen:

- Kva er formålet med drøfting av skulestrukturen i Vaksdal kommune?
- Kva er viktig å drøfte?
- Kva for behov skal prosessen/utgreiinga dekkje?

Gruppene kom fram til følgjande moment som må vurderast i prosessen:

- Kostnaden hvis private skular blir etablert der kommunale blir lagt ned
- Samla dei som er ferdige med SFO i ein sentral skule
- Skyss - alle forhold rundt det å bli transportert til og frå skulen
- Kva skular det er naturleg å leggja ned, m.a. avstand til næraste skule
- Få fram all faktakunnskap
- Byggja nytt kontra vedlikehald av eksisterande bygg

Samrøystes vedtak.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Framlegg til prosess for drøfting av skulestruktur vert lagt til grunn i Økonomiplan 2016 - 2019.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i økonomiplan 2015-2018, sak 14/1348, at rådmannen skal setje i gang ein prosess for drøfting av skulestrukturen i Vaksdal kommune.

Levekår hadde i møte 16. mars 2015 dialog om kva som skal kjenneteikne den gode skulen i Vaksdal, om kva som bidreg til å fremja og hemma barn og unge si læring og utvikling og framtida i skulane i Vaksdal.

Ut frå denne dialogen er det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag til prosess for drøfting av skulestruktur med bakgrunn i tilgjengeleg data, dokument gjeldande skulane i Vaksdal og andre relevante dokument om skule.

Framlegg til prosess for drøfting av skulestruktur i Vaksdal

Som grunnlag for prosessen er spørsmåla som har vore del av utvalet sitt arbeid viktige:

- Kva er formålet med drøfting av skulestrukturen i Vaksdal kommune?
- Kva er viktig å drøfte?
- Kva for behov skal prosessen/utgreiinga dekkje?

Utkast til prosess for arbeid med skulestruktur byggjer på følgjande dokument:

- Opplæringslova §§ 8-1, 9a-1
- Forvaltningsloven § 37
- Rundskriv Udir-2-2012 Behandling av saker om skolenedleggelse og krestgrenser

Mandat

Skulestrukturen i Vaksdal skal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggjast vekt på.

Utgreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidsretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur. Skulestrukturen må tilpassast kommunen sine økonomiske rammevilkår.

Utgreiinga skal vera grunnlag for politisk handsaming i høve til om dagens skulestruktur skal endrast.

Organisering og framdrift

Det skal setjast ned ei administrativ arbeidsgruppe for utgreiinga og vurderinga. Arbeidsgruppa skal setjast saman av kommunalsjef oppvekst, økonomisjef, einingsleiar skule, einingsleiar samfunnsutvikling og hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet. Andre ressurspersonar kan hentast inn om behov. Arbeidet skal leiast av kommunalsjef Oppvekst. Status for arbeidet skal jamleg leggjast

fram for Levekårsutvalet som er styringsgruppe for prosessen. Formannskapet er plan- og økonomiutval og tilrår endeleg til kommunestyret.

Framdriftsplan for utgreiing av skulestruktur:

Dato/tid	Aktivitet
18.05.15	Sak til Levekårsutvalet – framdriftsplan – oppfølging budsjett - førebuing økonomiplan
05.06.15	Sak til Formannskapet – framdriftsplan – oppfølging budsjett – innstilling økonomiplan
22.06.15	Sak til Kommunestyret – framdriftsplan – oppfølging budsjett – behandling økonomiplan
Veke 36	Informasjonsmøter FAU og andre «berørte» partar om prosess, mandat og tidsfristar
Veke 36	Status Levekårsutvalet
12.10.15	Frist arbeidsgruppa for ferdigstilling av grunnlagsdokument
12.10.15	Status Levekårsutvalet
16.10.15	Start høyring. Grunnlagsdokumentet vert sendt på høyring
Veke 19.12.15	Informasjonsmøter i skulekretsane med aktuelle partar Høyringsfrist
Veke 3	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Levekårsutvalet
Veke 4	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Formannskapet
Veke 6	Saksframlegg om skulestruktur vert handsama i Kommunestyret

Skulestruktur har i stor grad innverknad på elevar, foreldre og lokalsamfunn. Det er difor sær s viktig at foreldreutval (FAU), elevråd og tilsette får informasjon så tidleg som mogeleg. Ved at det er ei kort tidsramme for å gjennomføre utgreiingsarbeidet, er involvering og informasjon gjeve ekstra stor merksemd. I lov og forskrift er det ikkje gjeve retningslinjer for kor lang høyringsfristen skal vera i saker om skulestruktur. Det er ein tilrådd høyringsfrist på 2 månadar, men fristen kan gjerast kortare. I denne skildra prosessen er høyringsfristen vel 8 veker, om lag 2 månader. Det vert lagt opp til involvering av FAU, ungdomsråd, elevråd og dei tilsette i arbeidet/utgreiinga, altså i forkant av høyringa. På denne måten er det sikra best mogeleg informasjon om arbeidet, samt spørsmål og innspel som kjem opp vert drøfta i arbeidsgruppa undervegs i prosessen.

Medverknad i prosessen og omsyn til barnet sitt beste

Rådmannen skal gjennomføre møter med FAU på den enkelte skule der ein legg opp til dialog i høve prosessen om skulestruktur. Det vil verta viktig å få innspel til skulerelaterte forhold som talar for å oppretthalda skulestrukturen som i dag, skulerelaterte forhold som talar for at elevane bør samlast på større skular, lokalsamfunnsperspektivet som talar for å oppretthalda skulestrukturen som i dag og kva vurderingar som er viktig å leggja vekt på når det gjeld barna sitt beste i høve endringa av skulestruktur.

For å oppleve tryggleik og at det er føreseieleg har alle born eit grunnleggjande behov for informasjon og verta lytta til. I FN's barnekonvensjon er dette ivareteke i artikkel 12 der det står at born som er i stand til å danna seg egne synspunkt har rett til ågje uttrykk for desse i alle forhold som gjeld barnet. Når det gjeld retten til å verta høyrte i rettslege saker eller administrativ sakshandsaming, kan dette skje direkte eller gjennom ein representant eller eit eige organ. Barna sin representant i Vaksdal kommune, einingslei ar barnehage, skal uttale seg i plansaker og skal vera representant i denne høyringssaka. Vaksdal kommune meiner det er viktig at desse behova og rettighetene vert ivareteke og samtlege elevråd ved skulane skal informerast om arbeidet, samt ungdomsrådet.

Alle tilsette skal kallast inn til eit felles informasjonsmøte. Dei som ikkje har høve til å delta på informasjonsmøte, vil verta informert i samband med høyringsrunden frå sin næraste leiar. Rådmannen skal halde Levekårsutvalet løpande oppdatert.

Høyringsprosess og vidare saksgong

Høyringsdokumentet skal innehalda utgreiinga av skulestruktur i Vaksdal kommune med vedlegg. I utgreiinga skal ev. endringar av skulekrinsgrenser skildrast for dei alternativa dette er aktuelt.

I høyringsrunden er det krav om at «berørte» partar skal høyrast. Utgreiing vil difor verte sendt på høyring til FAU, elevråd, tillitsvalte/tilsette, ungdomsråd, borna sin representant i plansaker og fylkeskommunen.

Idrettslag, musikklag og vellag får òg tilsendt utgreiinga og vert invitert til å kome med sine innspel. Utgreiinga vert òg lagt ut på kommunen si heimeside og det er fritt for alle interesserte å kome med innspel.

Det skal gjennomførast informasjonsmøte i dei ulike krinsane med skulestruktur som tema. Detaljar kring desse møta vil vert skildra i høyringsbrev og informasjonen skal leggjast ut på kommunen si heimeside.

Etter høyringsfristen er ute, vil alle innspel frå høyringsrunden verta nøye kommentert og vurdert. Rådmannen vil på bakgrunn av ein samla og heilskapleg vurdering leggja fram sak for Kommunestyret med ei tilråding om skulestruktur i kommunen skal vidareførast eller ev. endrast. Kommunestyret skal fatta endeleg vedtak om dette vinteren 2016, jf. framdriftsplanen.

Vurdering

I kommunestyre sitt vedtak om budsjett – og økonomiplan 2015 -2018 fekk rådmann i oppdrag å setja i gang ein prosess for drøfting av skulestrukturen i kommunen. Økonomiplan 2016 – 2019 skal til behandling i kommunestyret i juni. Forslag til prosess for drøfting av skulestruktur inngår i framlegg til økonomiplan. Det er utarbeida eit kunnskapsgrunnlag til bruk i prosessen.

Framlegg til prosess vert lagt fram for levekårsutvalet for behandling og innstilling til plan- og økonomiutvalet og kommunestyret som grunnlag i økonomiplan 2016 – 2019.